



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Arkivsak nr.: 2019/610

Arkivkode:

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

Kommunestyret

FLAGGREGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Flaggreglement for Volda kommune vert godkjent som det ligg føre.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld nytt flaggreglement for Volda kommune.

Saksopplysningar/fakta:

FLAGGREGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNE

1. Lov og reglement

Grunnlaget for flaggreglane er desse:

- Lov om Norges flagg av 10.12.1898 nr.1
- Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger av 29.06.1933 nr. 2
- Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget av 21.10.1927 nr. 9733

Etter forskrifta er det utenriksdepartementet som avgjer tvilstilfelle om bruk av statsflagget på offentlege bygningar.

2. Statsflagget

Statsflagget (utan splitt og tunge) skal nyttast på eller frå kommunen sine offentlige bygningar og eigedomar eller bygningar og eigedomar som i hovudsak vert nytta av kommunale institusjonar eller verksemder. Frå rådhuset er det statsflagget som skal nyttast, eventuelt i kombinasjon med sameflagget og flagg til framande land.

3. Andre flagg og vimplar

Det er lov å bruke sameflagget og flagg til framande land ved sidan av det norske flagget der det er naturleg som honnør. Bruk av desse flagga skal skje i samsvar med dette reglementet.

Kommuneflagget og -vimpelen kan brukast frå og ved kommunen sine bygningar og offentlege plassar utan tidsavgrensingar.

Det er høve til å flagge ved andre høgtidlege og festlege høve med andre flagg frå andre kommunale bygg enn rådhuset. Vilkåret er at slike bygningar og eller grunn vert nytta i samband med arrangementa.

Frå kommunalt eigde flaggstenger på torg og bruer er det høve til å flagge med andre flagg ved høgtidelege og festlege høve av almen karakter, etter søknad.

4. Offentlege flaggdagar

Statsflagget bør vanlegvis berre brukast på offisielle festdagar og når offisiell flagging er påbode.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at flaggreglementet for Volda kommune vert vedteke

Rune Sjurgard
Rådmann

Jarl Martin Møller
kommunalsjef samfunnsutvikling

Utskrift av endeleg vedtak:**Klageinstans:**